

ID 88.23  
MHBE/thm

Ordførarar og rådmenn/kommunedirektørar i Sunnhordland

## INNKALLING TIL MØTE I SUNNHORDLANDSRÅDET

Torsdag 7. desember kl. 13.00 i møtelokala v/Region Sunnhordland, Vabakkjen 6, Stord.

### Tidsplan:

Kl. 12.30	Kaffi og mingling
Kl. 13.00	Fotografering av Sunnhordlandsrådet
Kl. 13.20	Velkommen v/ Sigbjørn Framnes, ordfører Stord
Kl. 13.30	Utarbeiding av høyringsvar v/ Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim
Kl. 13.40	Sakshandsaming
Kl. 14.30	Pause m/ rundstykke
Kl. 14.50	Sakshandsaming
Kl. 15.30	Orienteringar: <ul style="list-style-type: none"><li>• Leirvik AS v/ Helge Gjøsæter (10 min inkl. spørsmål)</li><li>• Aker Solutions AS v/ Kent Heine Spissøy (10 min inkl. spørsmål)</li><li>• Hordfast AS v/ Øyvind Halleraker (10 min inkl. spørsmål)</li><li>• Moster 2024 v/ Elsa Aanensen (10 min inkl. spørsmål)</li></ul>
Kl. 16.10	Sakshandsaming
Kl. 17.00	Møteslutt

### Sakliste:

Sak 41/23	Godkjenning referat frå møte i Sunnhordlandsrådet 27. oktober
Sak 42/23	Godkjenning av Handlingsplan 2024
Sak 43/23	Godkjenning av Økonomiplan 2024
Sak 44/33	Godkjenning av Budsjett 2024
Sak 45/33	Val av regionrådsleiar, nestleiar og arbeidsutval
Sak 46/33	Val av styremedlemar Sunnhordland museum
Sak 47/33	NAV Sunnhordland
Sak 48/33	Uttale: E134 arm til Bergen
Sak 49/33	Uttale: NOU 2023: 23 «Helhetlig forvaltning av akvakultur for bærekraftig verdiskaping»
Sak 50/23	Bruk av tiltakspotten
Sak 51/23	Skriv og meldingar <ul style="list-style-type: none"><li>a) Ekstraordinært representantskapsmøte</li><li>b) Utviklingsplan for Vestland fylkeskommune</li></ul>
Sak 52/23	Ymse

Sunnhordland, 1. desember 2023

Tora Haslum Myklebust  
Dagleg leiar  
MØTEBOK

Sunnhordlandsrådet

Torsdag 7. desember 2023 kl. 13.00  
Vabakkjen 6, Stord

Sak 42/23  
MHBE/thm

### **Godkjenning av Handlingsplan 2024**

Forslag til Handlingsplan 2024 blir ettersendt innan 5. desember.

Handlingsplanen er det verktøyet administrasjonen har å styre etter. Me bed difor om at det vært sett av god tid til gjennomgang i rådsmøte den 7. desember, med fokus på kva saker som skal ha høgast prioritert i 2024.

### **Framlegg til vedtak:**

Sunnhordlandsrådet godkjenner handlingsplanen 2024 slik den ligg føre.

MØTEBOK

Sunnhordlandsrådet

Torsdag 7. desember 2023 kl. 13.00  
Vabakkjen 6, Stord

Sak 43/23  
MHBE/thm

### **Godkjenning av Økonomiplan 2024-2027**

Administrasjonen legg med dette fram forslag til økonomiplan for perioden 2024-2027

Forslag til Økonomiplan 2024-2027 blir ettersendt innan 5. desember.

### **Framlegg til vedtak:**

Sunnhordlandsrådet godkjenner Økonomiplanen 2024-2027 slik den ligg føre.

MØTEBOK

Sunnhordlandsrådet

Torsdag 7. desember 2023 kl. 13.00  
Vabakkjen 6, Stord

Sak 44/23  
MHBE/thm

## **Godkjenning av Budsjett 2024**

Administrasjonen legg med dette fram forslag til budsjett for 2024.

Forslag til Budsjett 2024 blir ettersendt innan 5. desember.

### **Framlegg til vedtak:**

Sunnhordlandsrådet godkjenner Budsjett 2024 slik det ligg føre.

## MØTEBOK

Sunnhordlandsrådet

Torsdag 7. desember 2023 kl. 13.00  
Vabakkjen 6, Stord

Sak 45/23  
MHBE/thm

**Val av regionrådsleiar, nestleiar og arbeidsutval.**

Vervet som leiar for regionrådet roterer mellom kommunane. Kvar kommune sit 2 år om gongen, med val på regionrådet sitt desembermøte. Jamfør §6 i samarbeidsavtalen for Sunnhordlandsrådet IPR, så består arbeidsutvalet av leiar, nestleiar og tredje ordførar i rotasjonen.

Før har skiftet av leiar, nestleiar og arbeidsutval føregått på våren, men representantskapet vurderte i møte den 9. desember 2022, det som meir hensiktsmessig å flytte nokon av årsmøtesakene til desembermøte:

**Sak 13/22      *Endring av tidspunkt for val av styre***

**Framlegg til vedtak:**

*Representantskapet i Samarbeidsrådet for Sunnhordland rår til at val av nytt styre vert utført i representantskapet desember 2023.*

**VEDTAK:**

*Samrøystes vedtak.*

Sakshandsaming av handlingsplan, økonomiplan, budsjett, val av revisor, val av arbeidsutval og val av regionrådsleiar og nestleiar er sakene som blei flytta frå vårmøte til desembermøte. På vårmøte blir årsmelding og rekneskap sakshandsama.

Slik ser rotasjonen for regionrådsleiar, nestleiar og arbeidsutval ut:

- **Sveio kommune 2024-2026**
- Etne kommune 2021-2023
- Austevoll kommune 2019-2021
- Fitjar kommune 2017-2019
- Kvinnherad kommune 2015-2017
- Tysnes kommune 2013-2015
- Stord kommune 2011-2013
- Bømlo kommune 2009-2011

**Framlegg til vedtak:**

Sunnhordlandsrådet godkjenner at ordførar frå Sveio kommune, Andre Mundal Haukås vært regionrådsleiar for perioden 01.01.2024-31.12.2025, med ordførar frå Bømlo kommune, Morten Helland, som nestleiar.

Sunnhordlandsrådet godkjenner at ordførarane frå Sveio kommune, Bømlo kommune og Stord kommune utgjer arbeidsutvalet for perioden 01.01.2024-31.12.2025.

## MØTEBOK

Sunnhordlandsrådet

Torsdag 7. desember 2023 kl. 13.00  
Vabakkjen 6, Stord

Sak 46/23  
MHBE/thm

### **Val av styremedlemar Sunnhordland museum**

Sunnhordlandsrådet er representert med to styremedlemmar i styret til Sunnhordland museum. Kwart styremedlem vert vald for 2 år, med personleg varamedlem.

For perioden 2022-2023 er det Fitjar kommune og Kvinnherad kommune som har hatt desse styreverva.

### **Framlegg til vedtak:**

Sunnhordlandsrådet vedtar samrøystes følgjande styremedlemmer, med personlege varamedlemmer til Sunnhordland museum sitt styre:

1. .... som styremedlem, med .....som personleg vara.
2. .... som styremedlem, med .....som personleg vara.

## **MØTEBOK**

Sunnhordlandsrådet

Torsdag 7. desember 2023 kl. 13.00  
Vabakkjen 6, Stord

Sak 47/23  
MHBE/thm

### **NAV Sunnhordland**

Kommunane som høyrer inn under NAV Sunnhordland var nyleg på møte med NAV Sunnhordland, kor vertskommunesamarbeid var tema. Sveio og Tysnes kommune har spelt inn saka til administrasjonen, og ynskjer å drøfte med regionrådet korleis ein skal arbeide vidare med denne saka.

Saka blir lagt fram for drøfting i regionrådet, kor ein vurderer om det til dømes bør startast ei felles utgreiing, der ein ser moglegheitene for eit vertskommunesamarbeid.

## MØTEBOK

Sunnhordlandsrådet

Torsdag 7. desember 2023 kl. 13.00  
Vabakkjen 6, Stord

Sak 48/23  
MHBE/thm

### **Uttale: E134 arm til Bergen**

Statens vegvesen har på oppdrag frå Samferdselsdepartementet utarbeida konseptvalutgreiing for E134 arm til Bergen. Utgreiinga analyserer ulike løysingar for eit meir effektivt vegsamband mellom E134 og Bergensområdet.

Samferdselsdepartementet har bede Statens vegvesen om å sende konseptvalutgreiinga på høyring til lokale og regionale myndigheiter, samt andre interessentar. Utgreiinga og vedlegg kan ein finne og laste ned på: [Konseptvalutgreiing E134 arm til Bergen | Statens vegvesen](#)

Høyringsfrist er 31. desember 2023.



Arbeidsgruppa for denne uttalen, som har bestått av Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim, Vegard Bjørnevik, Sigbjørn Framnes og Synnøve Bakke, legg fram følgjande forslag til regional uttale:

*Sunnhordlandrådet som består av ordførarar og kommunedirektørarar frå kommunane Austevoll, Bømlo, Etne, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes, gjer følgjande høyringsuttale:*

*Regionrådet tek vurderinga til Statens vegvesen til vitande. Dette gjer regionrådet sjølv om me meiner alternativ 4 og 5 totalt sett ville gitt ein lågare kostnad og gitt kortare reise for fleire samla sett, men spesielt for innbyggjarar i vår region inn mot Bergen og Oslo. Det er viktig for regionen å styrke E134 som den mest effektive samferdselsåra aust-vest for store delar for Vestland og Rogaland.*

*Regionrådet legg sterk vekt på at dette prosjektet må finna seg i å stilla bak i køen når det gjeld andre planlagde vegprosjekt i denne delen av landet. For oss er det avgjerande viktig at trykket framleis blir halde oppe på desse fire vegprosjekta:*

- *Hordfast og Bokn-Bømlafjorden på E39*
- *Seljestad – Vågsliid og Bakka-Solheim på E134.*

*Rekkefølga framover må vera at desse fire prosjekta blir detaljplanlagt og etter kvart får investeringsmidlar til oppstart. Føresetnaden for bestillinga KVVU E134 Arm til Bergen, var at Hordfast skulle vere ferdigstilt.*

#### **Framlegg til vedtak:**

Samrøystes vedtatt.

#### MØTEBOK

Sunnhordlandsrådet

Torsdag 7. desember 2023 kl. 13.00  
Vabakkjen 6, Stord

Sak 49/23  
MHBE/thm

#### **Uttale: NOU 2023: 23 «Helhetlig forvaltning av akvakultur for bærekraftig verdiskaping»**

Nærings- og fiskeridepartementet sendte NOU2023: 23 «Helhetlig forvaltning av akvakultur for bærekraftig verdiskaping» ut på høyring den 23. september i år, med høyringsfrist 2. januar 2024: [horing-av-nou-2023-23-helhetlig-forvaltning-av-akvakultur-l4136266.pdf \(regjeringen.no\)](https://www.regjeringen.no/horing-av-nou-2023-23-helhetlig-forvaltning-av-akvakultur-l4136266.pdf)

Arbeidsgruppa for denne uttalen, som har bestått av Vegard Bjørnevik, Wenche Tislevoll, Morten Helland og Bente Kari Sletten Taranger, legg fram følgjande forslag til regional uttale:

*Sunnhordland er ein langstrakt og stor øyregion, som består av kommunane Austevoll, Bømlo, Etne, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes. Her bur 65 000 innbyggjarar. Regionen har eit høgt aktivitetsnivå innan havbruk, og står for ein betydeleg del av Noreg si eksportnæring. I ei omstillingstid, der regionen skal*

gradvis skal bevege seg vekk frå olje og gassnæringa, er havbruk eit svært viktig satsingsområde i tida frametter. Det er forventa ei auka satsing innan berekraftig produksjon og ein auke innan foredling av laks i Sunnhordland. Ei viktig satsing for å utvikle fleire framtidsette arbeidsplassar i regionen vår.

### **Berekraftig produksjon**

Det er svært viktig at det vert stimulert til utvikling og utprøving av nye produksjonsmetodar som løyser utfordringane med lakselus. Det er nesten ingen regionar i Norge der dette er viktigare enn i Sunnhordland. Dagens rammevilkår gjer det svært krevjande å konvertere frå tradisjonelle produksjonsmetodar til f.eks. lukka anlegg i sjø. Gjennom ei form for incentivordning, som også er foreslått i NOU, der det kan vere kommersielt lønsamt å utvikle og investere i nye produksjonsmetodar i sjø, kan næringa i Sunnhordland vekse samtidig som belastninga på fjordane, villfisker og naturen vert redusert. Ei miljøfleksibilitetsordning i tråd med det som er forslått i NOU, og ei god konverteringsrate (i alle fall i starten), vil vere avgjerande for å løyse utfordringane våre i produksjonen. Det vil samstundes bidra til positive ringverknader for leverandørindustrien og slik sørge for berekraftig vekst i ei svært viktig næring for Sunnhordland.

### **Undervisningskonsesjonar**

Undervisningskonsesjonane i Austevoll og Bømlo er svært viktig for at regionen skal kunne oppretthalde rekruttering til havbruksnæringa. Tilsynet som Fiskeridirektoratet gjennomførte i 2019 viser at undervisningskonsesjonane har fungert etter intensjonen og at den bidrog til attraktiv, realistisk og kvalitativ god undervisning i praktisk akvakultur.

Å fjerne ei ordning som fungerer slik den er tiltenkt, og som gjev elevane i regionen vår ei enorm auke i kunnskapen og forståinga for det praktiske arbeidet innan akvakultur, vert å gå i heilt feil retning.

Utvalet forutset at tilstrekkeleg finansiering frå fylka skal vidareførast ved avvikling av undervisningskonsesjonen. Dette veit me vert vanskeleg for fylka å gjennomføre og konsekvensen vil då bli at me står utan ein fast, detaljert samarbeidsavtale med næringslivet og at me må tilbake til å be fint, kvar gang me skal ha elevar ut i praksis. Det største tapet vårt vil då bli at elevane går glipp av god og relevant praktisk opplæring ute på merdkanten.

### **Visningskonsesjonar**

Eit anna regionalt satsingsområde for Sunnhordland er reiselivet. Det er og eit uttalt viktig satsingsområde for Vestland Fylkeskommune og sittande regjering. I den samanheng vil me trekke fram regionen sine to visningskonsesjonar i Fitjar og Kvinnherad kommune. Visningsanlegga vert marknadsført gjennom Visit Norway sitt system som inkl. Fjord Norway og Visit Sunnhordland, noko som gjev eit jamt tilsig av turistar. Nyleg mottok restauranten på det eine visningsanlegget den prestisjetunge Game Changer 2023-prisen frå la Liste. Dette er ein historisk siger, ikkje berre for Sunnhordland, men for Noreg. Det er fyrste gong ein restaurant i Noreg er blitt heidra med denne anerkjenninga.

Denne turismen gjev ein generell auke i handel, servering og overnatting. Ein tur på visningsanlegget er også eit populært punkt på programmet for bedrifter, samt skuleelevane i regionen, som får eit innblikk i ein spanande industri og vil ha akvakultur i tankane når det kjem til val av utdanning og framtidig yrke. Ved at publikum får båtreisa ut til merdkanten, får dei også eit unikt innblikk i naturen omkring anlegget og betre forståing for den større samanhengen fiskeoppdrettet har, både historisk som lokal næring og som berekraftig akvakultur i sjø.

Sunnhordlandsrådet vonar Nærings- og fiskeridepartementet tar regionrådet sine innspel til grundig vurdering i den vidare handsaminga av saka.

## **Framlegg til vedtak:**

Samrøystes vedtatt.

## MØTEBOK

Sunnhordlandsrådet

Torsdag 7. desember 2023 kl. 13.00  
Vabakkjen 6, Stord

Sak 50/23  
MHBE/thm

### **Bruk av tiltakspotten**

Administrasjonen ynskjer å søke om å bruke kr. 50.000,- frå tiltakspotten til å løyse ut kr. 149 800,- frå Vestland Fylkeskommune til å bruke på eit forprosjekt om lågsesongstilbod i Sunnhordland. Sunnhordlandregionen er i dag prega av sesongvariasjon, med høg aktivitet i sommarmånadene, mens lågsesongen opplever redusert turiststraum. Difor er det behov for å gjere ei fagleg kartlegging om kva som finnes i kvar kommune, kva som kan vidareutviklast i eksisterande form og kva ein manglar for å kunne utvide sesongen i Sunnhordlandsregionen. Den nasjonale, fylkes- og regionale reiselivsstrategiane peikar alle på viktigheita av å skape eit heilårleg reiseliv for å auke verdiskapinga, sikre heilårs arbeidsplassar og bidra til fast busetting.

I tillegg til det nemnte prosjektet over, ynskjer administrasjonen å søke om å bruke å bruke kr. 50.000,- frå tiltakspotten til å løyse ut kr. 146 600,- frå Vestland Fylkeskommune til å bruke på prosjektet Berekraftig kompetanseheving i Visit Sunnhordland. Det er viktig for verksemder å halde tritt med utviklinga innan kunstig intelligens (KI) for å kunne vere ein del av framtidens utvikling. Difor ynskjer Visit Sunnhordland å setje seg inn i kva KI er og kva det kan gjere for å lette arbeidsoppgåver

i kvardagen. Visit Sunnhordland vil og utforske moglegheiter for å betre og effektivisere prosessen knytt til sertifiseringa som Berekraftig Reisemål.

### **Framlegg til vedtak:**

1. Sunnhordlandsrådet løyver inntil kr. 50 000,- frå tiltakspotten til å løyse ut prosjektmidlar frå Vestland fylkeskommune på kr. 1 49 800,-
2. Sunnhordlandsrådet løyver kr. 50 000,- frå tiltakspotten til å løyse ut prosjektmidlar frå Vestland fylkeskommune på kr. 1 46 600,-

### **MØTEBOK**

Sunnhordlandsrådet

Torsdag 7. desember 2023 kl. 13.00  
Vabakkjen 6, Stord

Sak 51/23  
MHBE/thm

### **Skriv og meldingar**

#### **a) Ekstraordinært representantskapsmøte**

Det vil bli kalla inn til eit ekstraordinært møte i Representantskapet, så snart alle dei 8 kommunestyra i Sunnhordland har valt sine medlemmar. Møte vil bli på Teams innan 22. desember. Saker som skal handsamast:

- Stiftingsmøte for Sunnhordlandsrådet IPR
- Val av styremedlemmar til Region Sunnhordland IKS
- Val av revisor til IKSet og til IPRet

#### **b) Utviklingsplan for Vestland fylkeskommune**

Vestland fylkeskommune v/ fylkesdirektør Rune Haugsdal, invitera til dialogmøte 16. jan kl 16.30-20.00 på Stord. Dei ynskjer å invitera ordførarar, kommunaldirektørar, ungdomsråd, frivillig sektor, lag/organisasjonar og næringsliv, til å dele viktige utviklingstrekk. I den samanheng så ynskjer dei at regionrådet gjer innspel på aktuelle aktørar.